

277-002

Kontrakt.

(Sjå rundskriv frå departementet frå februar 1924! Avprent av dette finst hjå presten og jordstyret).

Med atterhald um godkjenning frå Kyrkjedepartementet¹⁾ fester underskrivne sokneprest — residerande kapellan — med dette burt til **Astrid Tvedt**

eit stykke på ikring **0,5 dekar** av

Manger prestegard — ~~Arbeidsgard~~ — gnr. **45**
bnr. **1** i **Manger** herad.

Stykket vert burtfest slik som det no er og med dei tyngsler som kviler på det. Grenser og jordvidd er nemnde her nedanfor, men det offentlege tek ikkje på seg noko ansvar for at desse oppgåver er rette:

Utgangspunkt i sudvestre hyrna av Astrid Tvedts tidlegare feste parsel
Derfrå retning aust 6.m. til kross i berg. Vinkel retning nord paralle
med gjerdet til krøss i berg. Vinkel retning nordvest til sudaustre
hyrna av den tidlegare festa parsell. Derfrå til utgangspunktet.

For burtfestinga gjeld elles desse vilkår:

1. Festetida er 99 — ni og nitti — år rekna frå **1. januar 1955.** 1.7.56
2. I årleg avgift skal festaren svara kr. **50.-** som vert å betala til soknepresten — den residerande kapellan eller den som fær fullmakt til å krevja inn avgifta, — innan **1. mai kvart år.**

¹⁾ Brukaren av embetsgarden lyt finna seg i at departementet tek dei avgjersler som er nemnde i lov frå 23. februar 1923 §§ 1 og 2 sml. kgl. res. frå 22. juni 1923, både når festeavtalen vert gjord og seinare, når det vil.

Når det hev gjenge 25 år av festetida, kan det offentlege eller festaren krevja skyn til å få avgjort um den årlege festeavgift bør aukast eller setjast ned og kor høgt ho i tilfelle bør setjast, dersom saka ikkje vert ordna med semje som vert godkjend av Kyrkjedepartementet.

Det volingsarbeid som festaren sjølv hev gjort, — t. d. med oppdyrking eller andre betringar av stykket —, skal ikkje reknast med i grunnlaget for auking av avgifta, men berre andre tilhøve, t. d. verdauko på grunn av betre samferdsle eller andre samfundstilskipingar o. s. b.

Skynet vert gjort med bindande verknad av 2 upartiske menn som vedkomande oppnemningsmakt nemner upp. Denne nemner og upp ein tredjemann til oddemann, dersom mennene ikkje vert samde. Den av partane som reiser krav um skyn må bera kostnaden med skynet.

På same måten kan det krevjast gjort når 50 og 75 år av festetida er lidne, eller når festeretten med samtykke frå departementet gjeng yver til andre enn buet til festaren eller ervingane hans. Sml. post 7 nedanfor.

3. I festet fylgjer ikkje med nokon rett utanfor eller langs med stykket, utan det beint fram er sagt i denne avtalen.

4. Det kviler hoilt på festaren å setja forsvarleg gjerde kring stykket og halda dette istand utan utgift for prestegarden.

Stykket må vera husa innan 3 — tri — år etter at denne avtalen er godkjend. Det må ikkje byggjast slik at det er til mein eller vanprydna for granneeigedomar.

5. Til trygd for at den årlege avgift vert rett betalt, hev prestegarden 1ste prioritets panterrett i dei hus o. m. som er eller vert bygde på stykket.

For lån eller tilskot av det offentlege¹⁾ vert likevel vike prioritet med oppstigingsrett næst etter vedkomande lån eller tilskot. Ogso i andre tilfelle kan 1ste prioritets panterrett for avgifta verta fråfalle, når festaren sokjer serskilt um det, og departementet samtykkjer.

6. Dersom den årlege avgift ikkje vert betalt innan 3 — tri — månader etter forfallstid, eller stykket ikkje vert husa innan den frest som er sett i post 4, eller noko av dei vilkår som elles er fastsette i denne avtalen ikkje vert oppfylt, hev det offentlege rett til å segja festet brote og krevja denne festeavtalen avlyst. Um festet er brote eller ikkje, vert i tilfelle å avgjera med bindande verknad ved skyn i samhøve med post 2.

Festet kan ikkje forast yver til andre med dom, eksekusjon eller på liknande måte. Avtalen er broten og festet spilt dersom det vert teke slike rettslege stig mot festaren, når desse stig ogso gjeld festeretten.

Festet kan elles ikkje gjerast um inkje eller oppsegjast fyrr festetida er ute, dersom det ikkje um dette vert gjort avtale som departementet godkjenner.


7. Dei rettar og plikter som tilkjem festaren etter denne avtalen, kviler og på hans bu eller ervingar og kan og forast yver til andre, sofram departementet gjeng med på det. Yverdraging av festeretten til stykket eller luter av dette eller framleige gjeld ikkje utan samtykke frå departementet.

8. Når festet gjeng ut, same kva so grunnen er, hev ikkje presten eller det offentlege nokon skyldnad til å loysa inn hus, gjerde o. s. b. eller til å gjeve vederlag for betringar. Festaren er pliktig til å rydja stykket innan 4 — fire — månader etter at festet er ute, dersom det ikkje vert gjort ein annan avtale (t. d. um å festa burt stykket til ein ny eigar av husa).

Skulde festet gå ut medan det kviler lån eller tilskot frå det offentlege på hus eller andre ting på stykket, eller 1ste prioritet for avgifta i andre tilfelle er fråfalle, sml. post 5, hev Kyrkjedepartementet rett til å setja festaren ut av eige- domen og husa. Derimot skal det ikkje kunna krevjast at stykket skal rydjast, men det skal vera høve for långjevaren eller vedkomande kommune til å fora festeretten yver til ny leigar.

9. Vert det tale um å avstå stykket eller noko av dette til gate- og veggrunn eller liknande, kan dette — utan i tilfelle av oreigning (ekspropriasjon) — ikkje gjerast utan samtykke frå Kyrkjedepartementet. Vederlaget gjeng til presteembetet og vert å betala til dette eller det offentlege. Festaren hev ikkje rett til anna vederlag enn det at festeavgifta vert nedsett i samhøve med storleiken av det stykke som festaren må lata frå seg. Nedslaget vert i tilfelle å fastsetja ved skyn,

¹⁾ Hypotekbanken, Småbruk- og Boligbanken, Statens Pensjonskasse, Statens nedskrivningstilskot og liknande.



Kontrakt. 12. 113 1935

(Sjå rundskriv frå departementet frå februar 1924! Avprent av dette finst hjå presten og jordstyret).

Med atterhald um godkjenning frå Kyrkjedepartementet¹⁾ fester underskrivne sokneprest — ~~residerande kapellan~~ — med dette burt til fru Astrid Tvedt, fødd Myrtveit eit stykke på ikring 1,7 an av Manger prestegard — ~~kapellangard~~ — gnr. 45 bnr. 1 i Manger herad.

Stykket vert burtfest slik som det no er og med dei tyngsler som kviler på det. Grenser og jordvidd er nemnde her nedanfor, men det offentlege tek ikkje på seg noko ansvar for at desse oppgåver er rette:

Fyrste utgangspunkt er kross i fjell på nordsida av prestebekken, 17 m frå den nordvestre sida av den bru som fører til Plassvika. Derfrå langs Prestebekken i nordvestleg retning 11 m til kross i fjell. Derfrå i nord-nordaustleg retning 15 m til kross i fjell. Derfrå i sud-sudaustleg retning 15 m til kross i fjell. Derfrå 11 m i vestleg retning til det fyrste utgangspunkt.

K.D. 3258
1935 B1

K.D. 3923
1935 B1

For burtfestinga gjeld elles desse vilkår:

1. Festetida er 99 — ni og nitti — år rekna frå den 1. juli 1936.
2. I årleg avgift skal festaren svara kr. 20.00 som vert å betala til soknepresten — ~~den residerande kapellan~~ — eller den som fær fullmakt til å krevja inn avgifta, — innan den 1. mai kvart år.

¹⁾ Brukaren av embetsgarden lyt finna seg i at departementet tek dei avgjersler som er nemnde i lov frå 23. februar 1923 §§ 1 og 2 sml. kgl. res. frå 22. juni 1923, både når festeavtalen vert gjord og seinare, når det vil.

K.D. 4749
1935 B1

Når det hev gjenge 25 år av festetida, kan det offentlege eller festaren krevja skyn til å få avgjort um den årlege festeavgift bør aukast eller setjast ned og kor høgt ho i tilfelle bør setjast, dersom saka ikkje vert ordna med semje som vert godkjend av Kyrkjedepartementet.

Det vølingsarbeid som festaren sjølv hev gjort, — t. d. med oppdyrking eller andre betringar av stykket —, skal ikkje reknast med i grunnlaget for auking av avgifta, men berre andre tilhøve, t. d. verdauke på grunn av betre samferdsle eller andre samfundstilskipingar o. s. b.

Skynet vert gjort med bindande verknad av 2 upartiske menn som vedkomande oppnemningsmakt nemner upp. Denne nemner og upp ein tridjemann til oddemann, dersom mennene ikkje vert samde. Den av partane som reiser krav um skyn må bera kostnaden med skynet.

På same måten kan det krevjast gjort når 50 og 75 år av festetida er lidne, eller når festeretten med samtykke frå departementet gjeng yver til andre enn buet til festaren eller ervingane hans. Sml. post 7 nedanfor.

3. I festet fylgjer ikkje med nokon rett utanfor eller langs med stykket, utan det beint fram er sagt i denne avtalen.
4. Det kviler heilt på festaren å setja forsvarleg gjerde kring stykket og halda dette istand utan utgift for prestegarden.

Stykket må vera husa innan 3 — tri — år etter at denne avtalen er godkjend. Det må ikkje byggjast slik at det er til mein eller vanprydna for granneeigedomar.

5. Til trygd for at den årlege avgift vert rett betalt, hev prestegarden 1ste prioritets panterett i dei hus o. m. som er eller vert bygde på stykket.

For lån eller tilskot av det offentlege¹⁾ vert likevel vike prioritet med oppstigingsrett næst etter vedkomande lån eller tilskot. Ogso i andre tilfelle kan 1ste prioritets panterett for avgifta verta fråfalle, når festaren søkjer serskilt um det, og departementet samtykkjer.

6. Dersom den årlege avgift ikkje vert betalt innan 3 — tri — månader etter forfallstid, eller stykket ikkje vert husa innan den frest som er sett i post 4, eller noko av dei vilkår som elles er fastsette i denne avtalen ikkje vert oppfylt, hev det offentlege rett til å segja festet brote og krevja denne festeavtalen avlyst. Um festet er brote eller ikkje, vert i tilfelle å avgjera med bindande verknad ved skyn i samhøve med post 2.

Festet kan ikkje først yver til andre med dom, eksekusjon eller på liknande måte. Avtalen er broten og festet spillt dersom det vert teke slike rettslege stig mot festaren, når desse stig ogso gjeld festeretten.

Festet kan elles ikkje gjerast um inkje eller oppsegjast fyrr festetida er ute, dersom det ikkje um dette vert gjort avtale som departementet godkjenner.

7. Dei rettar og plikter som tilkjem festaren etter denne avtalen, kviler og på hans bu eller ervingar og kan og først yver til andre, soframt departementet gjeng med på det. Yverdraging av festeretten til stykket eller luter av dette eller framleigé gjeld ikkje utan samtykke frå departementet.
8. Når festet gjeng ut, same kva so grunnen er, hev ikkje presten eller det offentlege nokon skyldnad til å løysa inn hus, gjerde o. s. b. eller til å gjeve vederlag for betringar. Festaren er pliktig til å rydja stykket innan 4 — fire — månader etter at festet er ute, dersom det ikkje vert gjort ein annan avtale (t. d. um å festa burt stykket til ein ny eigar av husa).

Skulde festet gå ut medan det kviler lån eller tilskot frå det offentlege på hus eller andre ting på stykket, eller 1ste prioritet for avgifta i andre tilfelle er fråfalle, sml. post 5, hev Kyrkjedepartementet rett til å setja festaren ut av eigedomen og husa. Derimot skal det ikkje kunna krevjast at stykket skal rydjast, men det skal vera høve for långjevaren eller vedkomande kommune til å føra festeretten yver til ny leigar.

9. Vert det tale um å avstå stykket eller noko av dette til gate- og veggrunn eller liknande, kan dette — utan i tilfelle av oreigning (ekspropriasjon) — ikkje gjerast utan samtykke frå Kyrkjedepartementet. Vederlaget gjeng til presteembetet og vert å betala til dette eller det offentlege. Festaren hev ikkje rett til anna vederlag enn det at festeavgifta vert nedsett i samhøve med storleiken av det stykke som festaren må lata frå seg. Nedslaget vert i tilfelle å fastsetja ved skyn.

¹⁾ Hynotekbanken. Småbruk- og Boligbanken. Statens Pensjonskasse. Statens nodelvningstil

Kyrkjedepartementet kan gjeva festaren endå meir nedsetjing av festeavgifta når det veld serleg stor ulempe for festaren å lata grunnen frå seg.

10. Festaren reider ut alle skattar, avgifter og andre tyngsler som kviler på eller vert lagde på stykket, eller ein lut av dei skattar m. m. som kviler på prestegarden tilmåta etter storleiken av stykket. Han må dessutan bera alle utloger til opparbeiding av gater, (vegar), vats- og kloakkleidningar m. m. og må — utan godtgjersle av soknepresten eller det offentlege — finna seg i alle rådgjerder som kan verta tekne av vedkomande (eller ein framtidig) bygnings- eller reguleringskommisjon med omsyn til stykket.
11. Festaren ber alle utgifter med festinga, t. d. til stempla papir til festeavtalen og tinglysing av denne.

Manger prestegard, den 20. juni 1935.

Nils Røed — *Asbjørn Møysaust Tveit*

Som vitne:

S. Manger
K. G. Kalsrud

Godkjennast

på det vilkåret at kontrakta vert påsett stempelmerke til kr.5.00, som kasserast.

Kirke- og Undervisningsdepartementet.

Oslo, den 4. november 1935.

Stein Bjelantvedt

E. G. Kalsrud

Tinglæst ved tinglysnings-tinget for Nordhord-
lands sorenskriveri den 18de novbr 1935, indført
i panteboken og ekstrahort i panteregistret,
hvorhos anmerkes: I den den fæstede parcel hviler
heftelser der på begjæring og mot lovbestemt gebyr
til statskassen vil bli anmerket. —

Fremlagd ved domstol.
20/5-60
Kalsrud

Amundsen